



Nasjonalparkriket

Festivalguide

Nord-Gudbrandsdalen **2011**



Velkome åt Nord-Gudbrandsdalen!

For fyrste gong har vi laga ein festivalguide der vi har samla ei oversikt over aktivitetar som blir arrangert i Nord-Gudbrandsdalen i løpet av sommaren og utover hausten.

Vi har fyrst og fremst teke med arrangement og festivalar som går over fleire dagar.

I tillegg til det som er med her er det mange fleire enkeltarrangement rundt om i kommunane, og vi oppfordrar alle til å gå inn på kommunane sine nettsider/kulturkalender for oppdatert oversikt over enda fleire arrangement.

Festivalguiden viser eit breitt spekter av arrangement og eit fantastisk mangfald.

Bak kvart einaste arrangement står det ei eller fleire ildsjeler som står på og brenn for nettopp sitt arrangement.

Det er ein viktig jobb som blir gjort for trivsel og bulyst i vårt område.

Vi håpar at alle finn arrangement dei vil gå på og let seg engasjere, motivere og underhalde på ein festival i vår region i sommar eller haust. Hugs også å sjekke nettsidene i kvar kommune for best mogleg oversikt over alle arrangement.

Ole Aasaaren

Regionsjef

Regionrådet Nord-Gudbrandsdalen



10. – 13. juni	Vågå-dågå, Vågå	s. 4
18. juni	Kulturdag i Skjåk	s. 4
24. – 25. juni	Til Topps 2011, Lom	s. 4
30. juni – 3. juli	Countryfestivalen i Skjåk	s. 4
8. – 10. juli	Troll- og trefestival, Sjoa	s. 5
9. – 16. juli	Pilegrimsdager på Dovrefjell, Dovre	s. 5
10. – 17. juli	Sjoafestivalen, Sel	s. 6
12. – 17. juli	Dansefestivalen i Sel	s. 6
15. – 17. & 22. – 24. juli	Markens Grøde, Lesja	s. 7
16. - 24. juli	Norsk Eventyrfestival, Heidal/Sel	s. 7
17. – 23. juli	NM Elgbaneskyting, Heidal/Sel	s. 7
22. – 31. juli	Kleppesommeren, Vågå	s. 8
22. – 31. Juli	Gardmillom, Lom, Vågå & Sel	s. 8
23. juli	Trestokk 2011, Dovre	s. 8
24. juli	Konsert v/Gjende Odd Nordstoga	s. 8
24. – 30. Juli	Fjellviku, Høvringen/Sel	s. 9
29. juli	Olsokfeiring i Presthaugen, Lom	s. 9
29. – 30. juli	Storøyafestivalen, Skjåk	s. 10
4. – 7. august	Norsk Munnspeforum, Vågå	s. 10
4. – 7. august	Diktardagar i Lom, Skjåk & Vågå	s. 10
9. – 13. august	Kristin Lavransdatter, Sel	s. 11
11. – 14. august	X-over Camp, Skjåk	s. 11
11. – 21. august	Nasjonalparkfestivalen, Skjåk	s. 12
18. – 21. august	Ope helg i Heidal, Sel	s. 12
19. – 21. august	Jutulrock, Vågå	s. 13
25. – 28. august	Pillarguridågå, Sel	s. 13
29. – 31. august	Vågåseminaret	s. 13
30. sept – 1.okt	Til Dovre Faller, Dovre	s. 14
30. sept – 2. okt	Ottamartnan, Sel	s. 14
8. oktober	Haustattak i Skjåk	s. 15
4. – 6. november	Vågåtreffen, Vågå	s. 15



10. - 13. juni

Vågå-dågå, Vågå

Vågå-dågå 2011 inviterer til eit innhaldsrikt og mangfaldig program med aktivitetar for store og små.

UTSTILLINGAR:

Maleri på Ullinsvin – Foto på Vågåmo skule

Bilettev på Vågå Hotel – Jo Visdal utstilling i Jutulheimen

Informasjon: www.vaga.kommune.no

Tlf: 61 29 36 18



Helene Bøksle i Vågåkyrkja

18. juni

Kulturdag i Skjåk

Kl 11.00 Strikvilten gardsmuseum

Kl 14.30 Open gard – Brandsarbakken. Drift i smie, kvern og baksthus

Kl 19.00 "Ved Jacup-steinen" Konsert ved Fel-Jakupstugu v/Kjell Plassen og Arne Sølvberg.

Informasjon: [www. www.skjakspelegdans.blogspot.com](http://www.skjakspelegdans.blogspot.com)

Tlf: 41 55 91 76

24. - 25. juni

Til Topps 2011, Lom

Vi inviterer alle som er interessert i integreringsarbeid til å bli med på fjelltur – mot toppen av Galdhøpiggen eller i fjellområda rundt!

Kulturfest med Samsaya 24. juni

Informasjon: www.tiltopps.no

Tlf: 94 15 90 54



30. juni - 3. juli

Countryfestivalen i Skjåk

Vi gjer vårt beste for at eit vaksent, musikkinteressert publikum skal få ein langweekend dei aldri vil gløyme. Alt for å tilfredsstille eit publikum med ei felles interesse; Country & Western – både som musikk og livsstil! Festivalplassen framstår i pakt med naturen, og med sine gamle hus frå først på 1900-tallet, har festivalen sitt renome med rette: Staden der du kan høyre og føle country må berre opplevast.

Informasjon: www.countrynorway.com

Tlf: 90 08 70 38



8. - 10. juli

Troll- og trefestival, Sjoa

Trollsenteret på Sjoa er ein kjend og populær stoppestad for vegfarande langs E6 gjennom Gudbrandsdalen. Opprinneleg ein matbutikk m/bensin, men innehavarane Jorunn og Knut Granli har gjennom åra utvikla staden til ein turistattraksjon av de sjeldne. Er du vegfarande langs E6 gjennom Gudbrandsdalen, anbefalar vi ein rast her blant utskore tussar og troll, og andre underlege skapningar. Under Troll- og trefestivalen kan du møte utstillarar av troll, treprodukt og snurrepiperier.

Informasjon: www.trollsenteret.no

Tlf: 61 23 60 33



9. - 16. juli

Pilegrimsdager på Dovrefjell

Tema for Pilegrimsdager på Dovrefjell i år: Impulsar frå aust. Gjennom vandringar, konsertar, foredrag, ikonutstilling, fotoutstilling, gudstenester og samtalekveldar ønskjer vi å lere meir om dei ortodokse pilegrimstradisjonane.

Romfolket er eit folk som har vore på vandring, dei har ofte kjend seg som framande, som pilegrimar - vi får høyre deira røyst gjennom Veronika og Elias Akselsen.

Ikonmaleren Elena Hammeri vil måle ikoner og stille ut bilete på Hjerkin.

Fotografen Marcus Elmerstad har i fleire sommarar fulgt pilegrimar på vandring, fotografier frå vandringane blir stilt ut på Fokstugu. Koret Musica practica frå St. Petersburg held konsert i Eysteinkyrkja.

Informasjon: www.pilegrimssenter-dovrefjell.no

Tlf: 92 48 31 47



10. - 17. juli

Sjoafestivalen, Sel

Årets Sjoafestival er klar - er du?

- Til ei rekke aktivitetar på, over og i Sjoa - Noregs fyrstevalg for elveaktivitetar.
- Ta med familien på ein flott og innhaldsrik Sjoa Family Float'n Fun.

Lurer du på kva dei ulike vannaktivitetane inneber, kan du også i sommar utforske eigne grensar gjennom Sjoa Test'n Try. Utfordre dine kolleger og vener til å stille eiga lag på den uhøgtidelege Sjoa Team Trial. Multisportkonkurrana Sjoa Challenge er høgdepunktet for deg som elsker å utfordre deg sjølv og andre, og Sjoa Riverguide Race det ligg an til sprint gjennom Vaskemaskina.

Informasjon: www.sjoafestivalen.no

Tlf: 48 10 00 77



12. - 17. juli

Dansefestivalen i Sel

Velkommen til stor 10-års jubileringsfeiring 2011.

12.-17. juli møtes Nordens beste innan danseband og gamaldans på nytt i Sel i Gudbrandsdalen! I fem dagar blir det arrangert konsertar, allsang, barneprogram, dansekurs, show, moro og dans, dans, dans..!

Informasjon: www.dansefestivalen.no

Tlf: 61 23 37 00



15. - 17. & 22. - 24. juli

Markens Grøde, Lesja

I år blir det sjette året med Markens Grøde arrangement. Vi ønsker å utvikle dette arrangementet til å nå nye høgder kvart år. Det skal vere overraskingar som kan vere til glede og inspirasjon for lokale innbyggjarar så vel som tilreisande.

VÅR VISJON:

Vi ynskjer "å styrke samhaldet i bygda, løfte oss litt ut av kvardagen, og sette fokus på viktige verdiar Lesja står for". Vi ynskjer å vise korleis vi kan koble profesjonell kultur med lokal kultur, landbruk og næringsutvikling, ei kobling som og kan føre til nye, spanande produkt. Vi vonar at eit slikt arrangement vil være med å sette Lesja på kartet som ei bygd som tenkjer nytt og set teori ut i praksis.

Informasjon: www.markensgrodelesja.no

Tlf: 95 82 54 10



16. - 24. juli

Norsk Eventyrfestival, Sel

Med fjellbygda Heidal som eit unikt bakteppe, let festivalen deg oppleve og føle den ekte stemninga som ligg bevart i norske folkeeventyr. Festivalen passar for alle aldersgrupper og presenterer eit tettprogram med musikk, teater, stemningsfulle vandringer, tradisjonsmat og overraskingar.

Kom til Heidalsskogen til sommaren og bli med til ei verd der det ikkje er uvanleg å møte på hulder, hekser og troll, eller andre urnorske vesen for den del. Med utgangspunkt i eventyret om gutane som møtte trolla på Heidalsskogen vekkjer festivalen til live dei rike kulturskattane som ligg i norske eventyr og segn.

Informasjon: www.eventyrfestivalen.no

Tlf: 99 16 19 51



17. - 23. juli

NM Elgbaneskyting, Heidal/Sel

Heidal JFF og Jo Gjende Skytterlag ønsker skyttarar m/familie velkomen til NM Elgbane på Jo Gjende sitt skyttaranlegg. Det blir 20 skudd på elgen og moglegheit for presskyting på rådyr og villsvin på 100 meter og duellskyting.

Informasjon: www.njff.no

Tlf: 99 10 61 48 (e. kl. 16.00)



22. - 31. juli

Kleppesommeren, Vågå

Gammel-Kleppe i Vågå inviterer til Kleppesommeren 2011. Kunstutstilling og aktiviteter, vinkurs, musikk og foredrag på garden. KUNSTUTSTILLING med keramikk, glass, måleri og fotografi.

Informasjon: www.kleppesommeren.no

Tlf: 97 56 11 60

22. - 31. juli

Gardmillom, Lom, Vågå og Sel

Kultur, mat & opplevingar for store og små på 8 Kulturgardar i Gudbrandsdalen. Ungane får helse på dyr, ta ein tur med Gråtass, sjå dokketeater, ri og leike seg.

Gamalt handverk, kunstutstillingar, konsertar, forestillingar og trivelege kvelder i låvepøbben.

Servering av kaffe/biteti og middag. Overnatting i gamle stabbur og loft, staselege gardsbygningar, eller kanskje på setra. Velkomen til gards.

Informasjon: www.gardmillom.no

Tlf: 92 03 49 65

Gardmillom



23. juli

Trestokk 2011, Dovre

Trestokk 2011 blir arrangert i Minneparken på Dombås den 23. juli kl 12.00 - 02.30

Tlf: 97 51 96 07

24. juli

Konsert ved Gjende - Odd Nordstoga

Konsert ved Gjende med Odd Nordstoga med band.

Informasjon: www.vaga.kommune.no



24. - 30. juli

Fjellviku, Høvingen/Sel

Høvingen Aktivitetselskap, Høvingen Vel, Sel Idrettslag og Ottadalen Sykkeklubb arrangerer i fellesskap Fjellviku 2011. Det blir eit variert aktivitets- og kulturprogram med alt frå vandring i Kristin Lavransdatter og Peer Gynts Rike, til barne- og familieaktivitetar, olsokfeiring og musikalske innslag frå søndag til laurdag. Fjellviku 2011 blir opna med terrengsykkelrittet "Rondanerittet" og avslutta med motbakkeløpet Formokampen Opp som i år blir arrangert for tredje gong 30. juli.

Informasjon: www.hovringen.no

Tlf: 92 69 94 75



29. juli

Olsokfeiring i Presthaugen, Lom

Feiring av olsok har tradisjonar i Lom.

Feiringa om kvelden er siste post etter Liv i husom kl. 12.00, vandring til Olavssteinen kl. 15.00, omvising i Lomskyrkja i etterkant og olsokmesse i Lomskyrkja kl.18.00
Olsokkvelden i Presthaugen inneheld program med musikk, tale m.m.

Informasjon: www.lom.no

29. - 30. juli

Storøyafestivalen, Skjåk

Irsk- og folkrock.

Informasjon: www.musikkfestival.no

Tlf: 97 54 68 22



4. - 7. august

Norsk Munnspeforum, Vågå

Seminar og konsertar med blant anna Sigmund Groven.

Informasjon: tlf 98 29 57 27

4. - 7. august

Diktardagar i Lom, Skjåk og Vågå

For fyrste gong er Diktardagane eit samarbeidsarrangement mellom fleire lag og kommunar. Denne gongen er også Skjåk og Vågå med på laget.

Kjenneteikna er dei same som før:

Varierte arrangement frå forteljestunder og diktlesing til bokbad, seminar, drama og konsertar.

Informasjon: www.diktardagar.no

Tlf: 90 73 84 89



9. - 13. august

Kristin Lavransdatter, Sel

Etter to år er Kristin Lavransdatter attende i ny dramatisering: Selbygda si seinsommarnatt i mørke og flakkande ild vil vere ramme for middelaldersk lengsel og livsdramatikk.

Gunnhild Sundli og Terje Skonseng Naudeer møter einannan i sommarens kjærleiksballade i Nord-Gudbrandsdal.

Informasjon: www.kristinlavransdatter.no

Tlf: 97 60 57 14



11. - 14. august

X-over Camp, Skjåk

Bli med på X-over Camp i Skjåk.

Campen er for ungdom mellom 13 og 19 år.

Kule aktivitetar som skating (street), parkour, grafitti, filmproduksjon, fotball freestyle, hiphop, teatersport og capoeria.

Informasjon: www.x-overcamp.blogspot.com

Tlf: 61 21 70 32



11. - 21. august

Nasjonalparkfestivalen i Skjåk

Skjåk kommune er i ei særstilling i Noreg, med 79% av arealet av kommuna verna av nasjonalparkar, landskapsvernområde og naturreservat. Vi ser på vernet som eit prov på at vi har ein unik og spennande natur, og at området vi lever i lyt bevarast for framtida og komande generasjonar.

I samband med dette ynskjer vi å skape ein festival med fokus på moglegheitene som fins i nasjonalparkane våre.

Frå 11. - 21. august arrangerer vi den fyrste nasjonalparkfestivalen i Skjåk med ei rekkje aktivitetar, både til vanns, i skogen og på fjellet. Her legg vi opp til eit innhaldsrikt program for både ung og gamal med vekt på å vise kva nasjonalparkane våre kan tilby.

Informasjon: www.nasjonalparkfestivalen.no

18. - 21. august

Ope helg i Heidal, Sel

Informasjon: www.sel.kommune.no

Tlf: 61 70 07 00



Foto Bård Bårdløyken

19. - 21. august


Jutulrock, Vågå

I Vågå, ved Jotunheimens rand, ligg Jutulporten, ein sagnomsust bergformasjon forma som ein gigantisk inngang til trolla sitt rike. Berre nokre meter ovafor finn du Jutulheimen, eit lite bygdamuseum med ei utescene, ramma inn av fjella rundt. I desse mytiske omgjevnadane blir festivalen arrangert.

Fredag og laurdag kveld/natt blir fullspekka med lokale, regionale og nasjonale artistar og band på to scenar. Her vil du høyre rock i alle moglege variantar: både kjent og ukjent, rask og roleg, høglydt og dempa.

Informasjon: www.jutulrock.com

Tlf: 91 64 35 00



25. - 28. august

Pillarguridågå, Sel

Informasjon: www.sel.kommune.no

Tlf: 61 70 07 00

29. - 31. august

Vågåseminaret, Vågå

Nasjonal konferanse om tilstanden og utviklingskrafta i distrikta.

TEMA

- Omdømme som grunnlag for lokalt utviklingsarbeid
- Det som er godt for dei tilreisande er godt for dei lokale?

Informasjon: www.vaga.kommune.no

Tlf: 99 69 39 21

Vågå
kommune



30. sept - 1. okt.

Til Dovre Faller, Dovre

Metal festival på Dombås. Til Dovre Faller blir også i år arrangert på Dombås Hotell.

BAND:

Age of Taurus, Black Magic, Devil, Diskord, Ghoul-Cult, Griftegård, Koldbrann, Lobotomized og Maim.

Informasjon: www.tildovrefaller.com

E-post: dovre.faller@hotmail.com



30. sept - 2. okt.

Ottamartnan, Sel

Ottamartnan vart arrangert for fyrste gong i 1897 og har utvikla seg frå å vere ein marknadsplass der dølar og vestlendingar handla med hester og kyr, til i dag å tilby varer innan alle slags kategoriar. Ottamartnan har utvikla seg til å bli ei av Østlandets største salgmesser med utstillarar innan dei fleste varekategoriar. Det blir omsett varer og tenester frå ca. 150 stands og 25.000-30.000 menneske besøker Ottamartnan i løpet av 4 dagar.

Folk i Gudbrandsdalen har ei enkel tidsrekning - før og etter martnan.

Informasjon: www.ottamartnan.no

Tlf: 94 14 04 84



8. oktober

Hausttakk i Skjåk

Hausttakk i Skjåk har fokus på lokal matproduksjon og mattradisjon. Hausttakk skal bygge vidare på tradisjonen om at utfløtte skjåkverer og folk frå andre stadar, kjem til Skjåk for å hente potetar, slakt, bær, bakst og andre matvarer for vinteren. Det vert sal av lokal mat og mange aktivitetar.

Informasjon: www.skjaak.kommune.no

HAUSTTAKK
i Skjåk

4. - 6. november

Vågåtreffen, Vågå

Stort gammaldanstreff. Konsertar og festar

Informasjon: tlf 41 56 70 80

Bakkeløp
Tek du utfordringa?
Meld deg nå nå!

18. juni Besseggløpet
www.besseggen.info

2. juli Blåhø Opp
www.blaho.no

9. juli Galdhøpiggen Opp
www.galdhøpiggen-opp.com

30. juli Formokampen Opp
www.sel-ski.no

3. september Tusshheim Upp
www.bjorli.no



Utgjevar:

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal

Skansen 7, 2670 Otta

Tlf 61 21 54 80

www.nord-gudbrandsdal.no

